Betaling for langtidsopphald på institusjon vert regulert i *"forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester"*. Bebuarane betaler etter inntekt med ulike fråtrekksrettar. Dette er heilt regelstyrt og har såleis ikkje relevans i denne saka. Inntekta til den einskilde styrer også kva ein må betale for praktisk bistand, folkeleg kalla "heimehjelp". Sentral forskrift regulerer satsen for inntekter opp til 2G, som no er kr. 185.152,-. For inntekter over 2G står kommunane meir fritt til prisfastsetjing.  I årets framlegg er forslaget frå kommunesamarbeidet lagt til grunn. Den sentrale forskrifta som fastsetter 2017- satsar er ikkje vedteken endå, men lekkasjer om satsane har kome i forbindelse med endringar på betaling for institusjonsopphald der pasientar må dele rom. I framlegg til vedtak er desse tala brukt. Tidlegare år er desse tala først blitt kjende når ny forskrift har blitt sendt ut på nyåret. Her er satsar frå nokre kommunar slik dei var i 2016.

| | Abonnement og timesats for praktisk bistand pr. mnd. | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | <2G | 2-3G | 3-4G | 4-5G | >5G | Timesats |
| Volda 2016 | 190 | 1020 | 1390 | 1750 | 2100 | 357 |
| Ørsta 2016 | 190 | 960 | 1245 | 1660 | 2230 | 300 |
| Ulstein 2016 | 190 | 960 | 1800 | 1800 | 1900 | 309 |
| Hareid 2016 | 190 | 1200 | 1400 | 1910 | 2220 | 271 |
| Vanylven 2016 | 190 | 774 | 1032 | 1548 | 1548 | 258 |
| Herøy 2016 | 190 | 1400 | 1750 | 2110 | 2450 | 350 |
| Sande 2016 | 190 | 962 | 1442 | 1730 | 2030 | 400 |

| Tryggleiksalarm, abonnementskostnad pr. mnd. i 2016 | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Volda | Ørsta | Herøy | Ulstein | Sande | Hareid | Vanylven |
| Mot alarmsentral | 310 | 370 | 300 | 290 | 225 | 300 | 258 |
| I bufellesskap | 150 | 155 | | | | | |

Det er skilnad på det forskrift kallar "dagopphald på institusjon" og det som er dagsenteret for eldre. Dagsenteret for eldre legg vinn på å gi eit fagleg godt tilbod med aktivisering, trening, kulturelle opplevingar, turar, matlaging og mykje meir. Det er sterkt fokus på førebyggande helsearbeid ved å legge til rette for at folk kan bu heime så lenge som råd. "Dagopphald på institusjon" er lite brukt hjå oss, men då blir tilbodet gitt i institusjonsavdeling og innhaldet skil seg frå det dagsenteret kan gi. Dette er forklaring på kvifor det er forskjell på statleg fastsett sats for institusjonsopphald og våre dagsenterprisar.

Hamna dagsenter har bygd opp fleire sanserom og kompetanse på berøring. For mange er bruk av desse romma viktige stimuli for ei positiv utvikling. Prisane gjeld for dei som ikkje er tildelt plass på Hamna dagsenter, men likevel vil nytte seg av tilbodet på Hamna dagsenter.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ikkje vurdert

**Økonomiske konsekvensar:**
Ikkje konkret utrekna då fleire satsar vert endelege først etter at nye forskrifter er vedtatt sentralt. Ein kan likevel grovt kalkulere samla inntektsauke på ca. 65.000,- om desse endringane vert ståande.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ikkje vurdert

**Vurdering og konklusjon:**

Dei ulike betalingssatsane for omsorgstenester blir endra årleg. Dei fleste endringane vert justerte på grunn av generell prisauke. Prissamarbeidet kommunane imellom på mange av desse tenestene er fornuftig. Ein fordel er at prisane kan leggast inn i fagsystemet Gerica og fakturerast utifrå tenestene brukarane er tildelt. Dette vil kunne spare merkantilt arbeid. Nokre prisar er uendra frå 2016, andre har fått påslag. Det er ingen nye tenester det vert krevd betaling for i 2017.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Jorunn Anne Tomasgard |
| Rådmann | Helse- og omsorgssjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Servicekontoret
Tildelingskontoret

**Klageinstans:**

VOLDA KOMMUNE
Saksnr 2016/2048 HDS
Ingugje
11 DES 2016
Arkivdel Emne 2
Klassering 231
Klassering S
Kopi: SBR

Brukarutvalet

v/ Hamna Dagsenter

Hamna 20

6100 VOLDA

Volda 11.12.16

Volda kommune

**MATPENGAR PÅ HAMNA DAGSENTER**

Mandag 28.11.16 hadde brukarutvalet for Hamna dagsenter møte, ei sak som var oppe var at brukarar ved dagsenteret betalar ein høg takst for måltidet som dei får der.

Dei betaler ein sats 700 kr. Pr mnd., for eit brødmåltid pr. dag, satsane er politisk bestemt, og Hamna forheld seg til dei.

Til samanlikning kostar det for 100 % plass i barnehagane kr. 350,- og på SFO kr. 205,- i matpengar pr. mnd.

Dette synest vi i brukarutvalet er urimelig, og ber kommunestyret vurdere dette snarast.

Med helsing

Turid Tjugen

**PS 42/17 Orienteringssak**

# Protokoll

## FYLKESMØTE I KS MØRE OG ROMSDAL

Dato: 16.02.2017 kl. 13:00 – 14:00
Sted: Quality Hotel Alexandra, Molde - Bankettsalen

Møteleiar: Fylkesstyreleiar Anders Riise

**Til stades:**
45 utsendingar frå kommunane i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune

**Frå administrasjonen:**
Gunnar Bendixen
May-Ann Bruun
Toril Brodahl

**SAKLISTE Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 16.02.2017 kl. 13:00 – 14:00** **Side**

**Saksfremlegg**


| | | | |
|---|---|---|---|
| 17/1 | 15/00053-5 | KS Møre og Romsdal - Årsmelding for 2016 | 3 |
| 17/2 | 16/01500-6 | Retning for fylkesstyrets arbeid i 2017 | 3 |
| 17/3 | 16/02431-3 | Tariff 2017 - Uttale til debattheftet | 4 |
| 17/4 | 13/01568-5 | Uttalar frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal | 7 |

Opprop.
Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

**Saksfremlegg**

### 17/1 KS Møre og Romsdal - Årsmelding for 2016

**Vedtak**
Fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal godkjenner Årsmelding for 2016.

*Samrøystes vedteke.*

[Lagre]

### 17/2 Retning for fylkesstyrets arbeid i 2017

**Vedtak**
Fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal slutter seg til målene i Hovedstyrets plan for 2017, og ber styret i Møre og Romsdal ha særlig oppmerksomhet på disse sakene:

1. Innovasjon og styrking av folkestyret skal være viktige temaer på KS' arenaer i 2017. Innbyggernes medvirkning vil være avgjørende både for å sikre fortsatt legitimitet for lokaldemokratiet og for å bidra til inkludering av alle grupper i samfunnet. KS Møre og Romsdal skal styrke dette arbeidet gjennom å sette temaene på dagsorden på egne møteplasser, bidra til KS' interessepolitiske arbeid på området, samt gi tilbud til medlemmer som ønsker å styrke sin innsats på disse områdene.
2. Klima og miljøarbeid skal være et viktig tema til oppfølging i 2017. Særlig ønsker styret å ha fokus på beredskap og tilpasning til de klimaendringene som vil komme. Som kystfylke er det særlig viktig å sette spørsmål om miljøutfordringene i tilknytning til havet på dagsorden.
3. Den demografiske utviklingen i Møre og Romsdal krever politiske grep. KS Møre og Romsdal skal arbeide interessepolitisk for å styrke attraktiviteten til fylket, særlig med tanke på unge i etableringsfasen.
4. Attraktive byer og regioner vil være en nøkkelfaktor i arbeidet med å styrke kommunenes og fylkets attraktivitetskraft. KS Møre og Romsdal skal arbeide interessepolitisk for å bidra til best mulig rammebetingelser, samt tilby medlemmene støtte i sitt lokale arbeid.

*Samrøystes vedteke.*

I tillegg vart desse tre momenta spela inn som tema til oppfølging:
- Likestilling av vaksenrett og ungdomsrett i vidaregåande opplæring
- Utflytting av statlege arbeidsplassar – KS bør jobbe for å få ein rimeleg del av desse arbeidsplassane til Møre og Romsdal
- KS sitt debatthefte bør handsamast i alle kommunestyra. Fylkesstyret vert oppmoda om å ta kontakt med ordførarane i forkant av handsaminga.

[Lagre]

**17/3 Tariff 2017 - Uttale til debattheftet**

**Vedtak**
Fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal vedtar følgende uttale til debattheftet for mellomoppgjøret 2017:

**1. Hvordan kan en eventuell endret disponibel ramme brukes til å justere den lokale potten?**

Kommunene mener at en eventuell økning i midler i oppgjøret skal gå til lokal pott. Midlene bør gå til økning av potten, subsidiært til endring av virkningsdato.

**2. Ser kommunen/fylkeskommunen behov for endringer i Hovedavtalen? I så fall – hvilke endringer?**

Hovedavtalen er utviklet over år, og fungerer godt som rammeverk.

Avtalen er et godt verktøy for samhandling og man ser ikke behov for endringer nå. Enkelte innspill kan likevel tyde på at det er behov for en tydeliggjøring knyttet til arbeidsgiver og tillitsvalgte sine gjensidige retter og plikter. Dersom det ikke er tjenlig å gjøre endringer i HA, bør en se på om opplæring i avtaleverket skal styrkes. Det kan her være gunstig å bruke nettkurs og/eller webinar. KS Læring er en digital læringsarena som kan være en ypperlig arena til e-læringskurs i både Hovedavtalen og Hovedtariffavtalen for ledere og tillitsvalgte, eventuelt webinar. Ved å bruke nettkurs kan alle berørte – inklusive nyansatte få anledning til opplæring.

**3. Ser kommunen/fylkeskommunen behov for særskilte endringer i særavtalene som har utløp i 2017? I så fall – hvilke endringer?**

<u>Arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale (SFS 2213):</u>
Nyttiggjort kompetanse er avgjørende for kvalitet i tjenestene. Kompetanseutvikling må skje gjennom samarbeid på arbeidsplassen. Det oppleves utfordrende kun å disponere rundt 3/4 av lærernes årsverk.

Det ansees som viktig å få ryddet plass til mer fellestid, for å sikre kvalitetsarbeid i skolen. Bl.a. tid til kollektivt utviklingsarbeid og team-planlegging.  Tilstedeværelsen bør økes, gjerne til 7 timer pr dag/35 timer pr. uke i 38 uker (i tillegg til planleggingsdagene). Avtalefestet tid på ungdomstrinnet bør økes til minimum den samme som for barnetrinnet. Gradvis avtrapping av avtalefestet tid fra barnetrinn til ungdomstrinn til videregående er en misforståelse knyttet til forståelsen av antall undervisningstimer. Økning i avtalefestet tid bør begrunnes med økt faglig samarbeid.

Forhandlinger om arbeidstid bør ikke legges til den enkelte skole eller kommune, dette bør være bestemt i den sentrale avtalen. Flere kommuner opplever gode prosesser lokalt, men de lokale prosessene har i liten grad ført til endringer i den lokale arbeidstidsordningen.

Generelt er det en oppfatning at det er behov for en utvidelse av avtalefestet tid i skolen.

KS Møre og Romsdal ønsker at partene sentralt ser på om graden og innretningen av detaljer i avtalen kan endres, slik at avtalen på en bedre måte støtter opp om det partene er enige om i formålet til avtalen.

Særavtalen for barnehager, SFO og skole (SFS 2201):
Denne avtalen regulerer blant annet planleggingstid og ledelsesressurs i barnehage, SFO og skole. Planleggingstiden for pedagogisk personale som er lagt til barnehagen må videreføres. De fleste kommunene støtter også KS sine vurderinger om at minimumstiden til planlegging, fire timer, ikke bør økes. Arbeidsgiver må ha styringsrett over arbeidstiden, og man må på det enkelte arbeidssted sikre den løsning som fungerer best. Det er behov for både tid til individuelt arbeid og samhandling.

Det er viktig at den «ubundne tiden» på minimum fire timer pr. uke for pedagogisk personale er knyttet til arbeidsplassen. Dette gir ledelsen anledning til å fordele tid til faglig samarbeid, planlegging, forberedelse og tilrettelegging av aktiviteter på en hensiktsmessig måte.

Kommunelegeavtalen (SFS 2305):
Det er innspill fra få kommuner til kommunelegeavtalen. Kommentaren fra Smøla kommune kan være representativ for kommunene:
*Legevakt utgjør en betydelig del av avtalen og flere av endringene har vært arbeidskrevende å gjennomføre og samtidig gitt kommunene økte kostnader. Spesielt for små kommuner i legevaktsamarbeid, og fordi legevakt kun utgjør en del av legenes arbeidsforhold har noen av endringene vært utfordrende.*
*Legevaktgodtgjørelsen er fra 1.1. pensjonsgivende som tilleggslønn. For at tilleggslønn skal kunne gjøres pensjonsgivende er det en forutsetning at godtgjørelsen gis som årsbeløp og utbetales på samme måte som ordinær lønn jf. HTA kap 3 pkt. 3.7. Endringen forutsetter i langt større grad at oppsatt vaktplan følges, fleksibilitet med f. eks endring eller bytte av vakter reduseres.*
*Kompetansekrav til legevaktlege skjerpes og kommunene pålegges en kostbar bakvaktordning for leger i legevakt som ikke fyller kompetansekrav. Dette gjelder pr. i dag turnuslege, men fra 1.5.2018 er det kun lege som er spesialist i allmennmedisin eller godkjent allmennlege med tre års veiledet tjeneste som kan ha legevakt alene. Hvis ikke legen fyller kravene, må legevakten ha kvalifisert bakvakt.*
*Smøla kommune vurderer at nye kompetansekrav til legevaktlege vil gi mange kommuner store utfordringer, praktisk og økonomisk, og mener kravene bør vurderes på nytt.*

**4. Hva kan bidra til at flere personer, som i dag står utenfor arbeidslivet, blir ansatt i ordinære stillinger i kommuner og fylkeskommuner?**

Det stilles høye krav til kvaliteten på tjenestene vi leverer, og til effektiv ressursbruk. For at innbyggernes rettigheter og tilbud skal sikres, må medarbeiderne ha rett kompetanse. Når nødvendig kompetanse er nyttiggjort er den kommunens viktigste ressurs. For at de som står utenfor arbeidslivet skal ansettes i ordinære stillinger må de fylle kompetansekravene. Dette gjelder både kunnskap, ferdigheter, holdninger og evner. Kommunene har i dag ingen incentivordninger for kvalifisering til ordinære stillinger med unntak av lærlinger.

Stadig flere stillinger har krav om formell kompetanse. Dersom man skal kunne rekruttere inn personer som står utenfor arbeidslivet må ekstern finansiering til oppkvalifisering av disse sikres. Tiltak (både praktisk og økonomisk) til arbeidspraksis, arbeidstrening og kompetansetiltak vil bidra til at flere kommer i arbeid. Ordninger med lønnstilskudd og lignende bør prioriteres.

Kommunene rapporterer at de i stor grad tar i mot personer med behov for arbeidspraksis gjennom ulike tiltak. Fokus på å hindre utstøting av egne ansatte gjennom høy grad av tilrettelegging kommer også tydelig frem.

**5. Hvordan kan NAV gi kommuner og fylkeskommuner som arbeidsgivere god og hensiktsmessig bistand, slik at flere kommer i jobb?**

Kommunal sektor har lang erfaring med å legge til rette for arbeidstrening i sine virksomheter. Fremtidsanalyser viser at en stor andel av dagens yrker ikke vil finnes om relativt få år. NAV må ha tett dialog med kommunene om kompetansebehov. Personer som står utenfor arbeidslivet må ikke kvalifiseres til jobber som snart ikke finnes.

Det er nødvendig at NAV spisser sin innsats for å avklare hva personer som er arbeidsledige, eller som faller utenfor arbeidsmarkedet på grunn av nedsatt funksjonsevne, bør satse på. Det er ofte nødvendig med utprøving av flere forskjellige muligheter. NAV må bli bedre på individuell oppfølging av hver enkelt som skal ut i jobb. Det er også viktig å ha fokus på å beholde arbeidstakere med nedsatt funksjonsevne gjennom oppfølging av sykemeldte og interne attføringstiltak. I dette arbeidet er tilgjengelighet og kontakt med NAV av stor viktighet.

Det er et ønske at NAV har en tydeligere, tettere og mere aktiv del i oppfølgingsarbeidet.
NAV bør også kunne yte en større andel av lønns- og tilretteleggingstilskudd som virkemiddel for å åpne opp for flere praksisplasser. Fleksibilitet i tiltak og tilskuddsmidler med mulighet for å kombinere jobb og opplæring er viktig.

*Samrøystes vedteke.*

[Lagre]

Det vart votert over følgjande forslag til endring:

<u>Forslag frå utsending Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune</u>

1) Omfanget av planleggingstid i forhold til de fysiske forhold på arbeidsplassen (hvor vidt det er tilstrekkelig kontorkapasitet mv.), må tas i betraktning.

*22 av 45 røysta for og forslaget falt.*

<u>Forslag frå utsending Tove-Lise Torve, Møre og Romsdal fylkeskommune:</u>

2) Ta ut «gjerne til 7 timer pr dag/35 timer pr. uke i 38 uker (i tillegg til planleggingsdagene).» fra 2. avsnitt under pkt. 3, vedr. Arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale (SFS 2213).

*14 av 45 røysta for og forslaget falt.*

<u>Forslag frå utsending Tove-Lise Torve, Møre og Romsdal fylkeskommune:</u>

3) KS Møre og Romsdal ønsker at partene sentralt ser på om graden og innretningen av detaljer i avtalen kan endres slik at avtalen på en bedre måte støtter opp om det partene er enige om i formålet til avtalen.

*24 av 45 røysta for og forslaget vart vedteke.*

Endringane er lagt inn i vedtaket.

Etter avstemminga vart det påpeika av utsending Knut Sjømæling at to representantar hadde forlate møtet før avstemmingane. Det vart røysta over spørsmålet om ny avstemming og samrøystes vedtatt å la resultatet stå.

**17/4 Uttalar frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal**

**<u>Vedtak</u>**
**Høringsfrister**

- Fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal ønsker å gjøre Kunnskapsdepartementet oppmerksom på at korte høringsfrister gjør det meget krevende å gjennomføre en forsvarlig saksbehandling i kommunene. En konsekvens av dette er minimal mulighet til gode og involverende politiske prosesser på lokalt nivå. Dette er meget beklagelig, da det er kommunene som i mange tilfeller har gjennomføringsansvar for de tiltak som ligger i de ulike høringer fra departementet.
- Fylkesmøtet vil fremheve at departementets behov for en kjapp og effektiv saksbehandling og beslutningsprosess vil virke mot sin hensikt dersom dette går på bekostning av lokalt politisk eierskap og gjennomføringsevne til de endringer som følger av de ulike høringene. Dette vil i så fall svekke det lokale folkestyret.

*Samrøystes vedteke.*

[Lagre]

POLITIET

**Til kommunane i Møre og Romsdal**

**MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT**

| Deres referanse: | Vår referanse: | Stad, Dato |
|---|---|---|
| <Deres ref> | 2016 02 436 | Ålesund, 16.02.2017 |

# Tenestetilbodet i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal politidistrikt vart etablert 1. januar 2016 etter ei samanslåing av Sunnmøre politistrikt og Nordmøre og Romsdal politidistrikt. Samstundes starta eit langsiktig endrings- og utviklingarbeid i det nye politidistriktet.

Mange ventar seg mykje av den polititenesta som dei nye politidistrikta skal tilby befolkninga. Gjørv-kommisjonens rapport etter 22.juli-tragedien og Politianalysen er viktige utgangspunkt for det utviklingsarbeidet som no går føre seg i politiet og det er gjort framlegg om omfattande endingar i etaten.

Ei rekke andre utgreiingar og analyser ligg også i botnen for dei endringane som no skjer i politiet og som kjem i tida framover. 10.juli 2015 vart dei politiske prosessane avslutta med den endelege handsaminga av Nærpolitireforma i Stortinget, og eit breitt politisk forlik ga politiet god støtte og legitimitet til vidare endringsarbeid.

Målet med Nærpolitireforma er eit politi som er operativt, synleg og tilgjengeleg og som har kapasitet og kompetanse til å førebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar og sikre innbyggarane sin tryggleik. Det skal utviklast eit kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der folk bor. Samstundes skal det utviklast sterke fagmiljø som er rusta til å møte kriminalitets-utfordringane i dag og i framtida.

Politiet skal vere tilstades i lokalmiljøa og vere synleg for publikum, og det skal etablerast eit tettare samarbeid med kommunane. Det forpliktar både politiet og kommunane.

Politidirektøren uttalte 23.september 2016 at "Skal vi lykkes med å forsterke det forebyggende arbeidet, må kommunene ta sin del av ansvaret ved å utvikle gode kommunale tjenester, blant annet på områder som barnevern og ruspolitikk".

Førebygging er eit prioritert område i Nærpolitireforma, og politiet skal gjere sitt for at kriminalitetsførebyggande arbeid kan  gjennomførast på ein planmessig og systematisk måte. Det skal leggast til rette for tverrfagleg samarbeid gjennom politiråd og politikontakter.

**Møre og Romsdal Politidistrikt**

Ålesund
Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Besøk: Nedre Strandgate 50

Tlf: 70 11 87 00
Faks: 70 11 87 02
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

## Samanslåing gir meir politikraft

Politifolk som er til stades i lokalmiljøa skaper tryggleik – ikkje bygningar - og kvaliteten på dei tenestene politiet yter, er ikkje knytt til talet på fysiske lokalitetar. Eit tomt lokale skaper ikkje tryggleik. Tryggleiken sit ikkje i veggane. Det er mykje viktigare å ha dyktige politifolk tilgjengelege døgnet rundt, slik at publikum får hjelp når dei treng det. Førebyggande arbeid får best kvalitet når det vert gjort ute i lokalsamfunna i samhandling med kommunane. Etterforsking skal i større grad gjerast "ute på staden", og politipatruljane skal utstyrast slik at det er mogleg å starte etterforskinga kort tid etter at den straffbare gjerninga faktisk har skjedd.

Dei meir alvorlege straffesakene skal handterast av større og meir kompetente fagmiljø. Når det gjeld beredskapsteneste så vert den styrka først og fremst når politiet er "på hjul" og dess større del av døgnet vi klarer å levere vakt- og patruljeteneste, dess betre vil vi kunne ta vare på den tryggleiken som innbyggarane har krav på.

Samanslåing av lensmannskontor vil gje ei betre utnytting av politiet sine ressursar og bidra til at vi får fleire patruljer ut der behovet for dei er størst. Ved å flytte ressursar frå kontor med sterkt avgrensa opningstid ut i patruljeteneste, vil vi kome tettare på innbyggarane og kriminaliteten.

Norsk politi skal styrkast og utviklast til å bli eit politi som leverer likare polititenester i heile landet. Publikum skal oppleve at politiet utfører tenestene på ein tilnærma lik måte uavhengig av kvar ein vender seg til etaten. Det skal utviklast sterkare fagmiljø, og kompetansen skal utviklast og nyttast meir planmessig enn før. Kunnskapsdeling, evaluering og læring skal skje systematisk og vere ein naturleg del av arbeidsforma i politiet.

Samstundes er vi opptatt av å kunne yte service til publikum. Krava til responstid er tekne vare på og dei fleste av innbyggarane våre får ikkje meir enn 45 minutts køyretid til næraste politistasjon eller lensmannskontor – der dei kan levere anmeldelsar og søknader eller få rettleiing om politiet sitt tenestetilbod.

## Færre tenestestadar

Ein tenestestad er ein plass der publikum kan kome i kontakt med politiet – enten ein politistasjon eller eit lensmannskontor – der det vert ytt polititenester. Ein tenestestad skal ha faste opningstider fleire dagar i veka, og kunne ta mot anmeldelsar og elles gje hjelp eller rettleiing til publikum.

Når det gjeld lokal organisering av politiet i Møre og Romsdal er det lagt vekt på følgjande sentrale krav og føringar:

- Responstidskrav
- Maks 45 min køyretid til næraste tenestestad for 90 % av innbyggarane
- Fleksible opningstider minst ein dag i veka
- Alle kommunar skal ha politikontakt
- Politiråd skal vere etablert i alle kommunar
- Politi og kommune skal utvikle forpliktande handlingsplanar for førebyggende teneste
- Talet på tenestestadar nasjonalt skal vere minimum 210
- Fleire "mobile politikontor" og nye arbeidsmetoder



**INNBYGGERTALL 1. januar 2016**

| | |
|---|---|
| SØRE SUNNMØRE LENSMANNSDISTRIKT | 14 784 |
| ULSTEIN OG HAREID LENSMANNSDISTRIKT | 13 619 |
| INDRE SUNNMØRE LENSMANNSDISTRIKT | 31 987 |
| ÅLESUND POLITISTASJONSDISTRIKT | 63 793 |
| NORDRE SUNNMØRE LENSMANNSDISTRIKT | 20 072 |
| VESTNES OG RAUMA LENSMANNSDISTRIKT | 14 103 |
| MOLDE POLITISTASJONSDISTRIKT | 32 338 |
| EIDE OG FRÆNA LENSMANNSDISTRIKT | 13 184 |
| KRISTIANSUND POLITISTASJONSDISTRIKT | 32 945 |
| INDRE NORDMØRE LENSMANNSDISTRIKT | 13 233 |
| HALSA OG SURNADAL LENSMANNSDISTRIKT | 9 552 |
| SMØLA OG AURE LENSMANNSDISTRIKT | 5 677 |



Politidirektoratet har fastsett fylgjande endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og endringar i tenestestadar i Møre og Romsdal politidistrikt.

- Samanslåing av Smøla lensmannsdistrikt og Aure lensmannsdistrikt, til Smøla og Aure lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Aure lensmannskontor og Smøla lensmannskontor.
  Administrasjonsstad er lagt til Aure. Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Aure og Smøla.

- Samanslåing av Surnadal og Rindal lensmannsdistrikt og Halsa lensmannsdistrikt, til Halsa og Surnadal lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestad: Surnadal lensmannskontor.

Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Surnadal, Rindal og Halsa.

- Samanslåing av lensmannsdistrikta Sunndal, Nesset og Tingvoll, til Indre Nordmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Sunndal lensmannskontor og Tingvoll lensmannskontor.

  Administrasjonsstad er lagt til Sunndalsøra (Sunndal lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Sunndal, Tingvoll og Nesset.

- Samanslåing av Kristiansund politistasjonsdirstrikt, Averøy lensmannsdistrikt og del av Gjemnes og Eide lensmannsdistrikt (den delen som dekker Gjemnes kommune), til Kristiansund politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Kristiansund politistasjon.
  Politistasjonsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Kristiansund, Averøy og Gjemnes.

- Samanslåing av Fræna lensmannsdistrikt og del av Gjemnes og Eide lensmannsdistrikt (den delen som dekker Eide kommune), til Eide og Fræna lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Elnesvågen (Fræna lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Eide og Fræna.

- Samanslåing av Molde politistasjonsdistrikt og del av Sund lensmannsdistrikt (den delen som dekker Aukra og Midsund kommunar), til Molde politistasjonsdistrikt.

  Politistasjonsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Molde politistasjon. Politistasjonsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Molde, Aukra og Midsund.

- Samanslåing av lensmannsdistrikta Haram og Ørskog, del av Sund lensmannsdistrikt (den delen som dekker Sandøy kommune) og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (den delen som dekker Norddal kommune), til Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Haram lensmannskontor.
  Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Haram, Ørskog, Skodje, Stordal, Norddal og Sandøy.

- Samanslåing av lensmannsdistrikta Sykkylven, Volda og Ørsta og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (den delen av distriktet som dekker Norddal kommune), til Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Sykkylven lensmannskontor og Ørsta lensmannskontor.
  Administrasjonsstad er lagt til Ørsta. Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Stranda, Sykkylven, Ørsta og Volda.

- Samanslåing av Vestnes  lensmannsdistrikt og Rauma  lensmannsdistrikt, til  Vestnes og Rauma lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Vestnes lensmannskontor og Rauma lensmannskontor.
  Administrasjonsstad er lagt til Åndalsnes (Rauma lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Vestnes og Rauma.

- Samanslåing av Ålesund  politistasjonsdistrikt og  lensmannsdistrikta  Giske og Sula til Ålesund politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har fylgjande tenestestad og administrasjonsstad: Ålesund politistasjon.
  Politistasjonsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Ålesund, Giske og Sula.

- Samanslåing av Vanylven lensmannsdistrikt og Herøy og Sande lensmannsdistrikt, til Søre Sunnmøre lensmannsdistrikt.  Lensmannsdistriktet har fylgjande tenestestadar: Vanylven lensmannskontor og Herøy og Sande lensmannskontor.
  Administrasjonsstad vil vere Fosnavåg (Herøy og Sande lensmannsdistrikt).  Lensmannsdistriktet vil ta vare på politimessige og sivile gjeremål for kommunane Vanylven, Herøy og Sande.

Fylgjande lensmannsdistrikt vert vidareført utan endringar.

- Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt, med tenestestad Ulstein og Hareid lensmannskontor. Lensmannsdistriktet dekker politimessige og sivilrettslege gjeremål for kommunane Ulstein og Hareid.

**Klagerett**
Kommunane vart gjorde  kjende med avgjerda om den nye strukturen i eit brev frå Politidirektoratet dagsett 13.01.2017. Dei kommunane som er råka, kan klage på avgjerda. Klagen skal sendast til Politidirektoratet.

**Frist for å klage på avgjerda er sett til 10. mars 2017.**

Klagen må vere skriftleg og grunngjeven. Kommunane må gjere greie for kva del  avgjerda klagen rettar seg mot, eller om ein vil ha avgjerda oppheva på grunn av feil ved sakshandsaminga.

**Service/tenester**
Politiet yter tenester som mottak av anmeldelsar, utferding av pass, løyver, politiattestar, våpenløyve, opphald/asyl, konfliktråd, forliksråd, gjeldsordning mv.

Målet vårt er å styrke kvalitet og effektivitet i tenestetilbodet. Utnytting av synergiane som er omtalte nedanfor. Fleire opplysningar om politiet sine tenester, slikt som søknader på nett, er å finne på Politi.no.

**Synergieffektar**
Synergieffektar i forhold til mellom anna sivile gjeremål og administrasjon kan føre til at sivile stillingar vert omgjort til politistillingar. Dette vil gjere at både beredskapen, etterforskninga og det førebyggande arbeidet vert betre.

**Operasjonssentral**
Møre og Romsdal politidistrikt vil få ein ny operasjonssentral som er felles for heile distriktet. Denne er no under oppbygging i politihuset i Ålesund og skal etter planen takast i bruk 27. september 2017. Den er samlokalisert med tilsvarande sentral for brannvesenet i heile fylket.

Eit samkvem som vi vil nyte godt av særleg i samband med store ulykker, ekstreme versituasjonar eller større redningsoperasjonar.

Operasjonssentralen skal besvare 95 % av alle anrop til 112 innan 20 sekund.

**Førebyggande arbeid**
Tenesteeiningane og tenestestadane i politdistrikt skal ha hand om det førebyggande arbeidet. Det vil bli sett av ressursar til førebyggande arbeid i alle dei geografiske driftseiningane. Denne ressursen skal sikre at arbeidet får høg nok prioritet, og dei som har dette til hovudoppgåve skal så langt mogleg skjermast frå andre oppgåver. Nyskapningen politikontakt skal sikre at politiet på ein god og effektiv måte samarbeider med kommuneorgan om løysing av oppgåvene innanfor det førebyggande arbeidet.

Målsetjinga med strukturendringane er å kunne levere ei heilheitleg og treffsikker førebyggande teneste i alle kommunane uavhengig av kvar tenestestadane er plasserte.

Alle kommunar skal ha ein politikontakt. Politikontaktens arbeid skal utførast i den kommunen vedkomande er kontaktperson. Dette vil vere ein viktig samarbeidsarena mellom politiet, publikum og dei ulike aktørane i den enkelte kommunen - også der ein ikkje har eigne tenestestadar. Politikontaktene skal ha ein eller fleire dager i veka der dei er til stades i kommunane.

Politikontakten er tenesteeiningsleiaren sitt daglege kontaktledd med kommunane og rådgjevar innanfor kriminalitetsførebyggande verksemd. Politikontakten skal følge opp at politiet har nødvendig kontakt med kommunane som høyrer til tenesteeininga, og har ansvar for at tilrådingar i SLT og politiråd vert følgde opp i politidistriktet.

**Beredskap**
Operasjonssentralen skal med flåtestyring sikre spreiing på patruljetenesta og sørge for at distriktet er godt dekka med patruljer og beredskapsvakt så langt dette er mogleg. Framtidig ressurssituasjon vil imidlertid avgjere talet på patruljer i kvart vaktområde.

Målsetjinga er å auke i talet på operative patruljer i politidistriktet for å levere ei polititeneste i samsvar med måla i nærpolitireforma.

Det er ein klar målsetjing for Møre og Romsdal politidistrikt levere ei teneste som ligg innanfor krava til responstid og heile tida strekke oss etter å levere betre enn krava som vert stilte i samband med alvorlege hendingar. Kommunane og innbyggarane i Møre og Romsdal vil kunne vente like god eller betre beredskap når den nye strukturen er etablert.

**Etterforsking**
Større tenesteeiningar skal sikre meir fagkompetanse og spesialisering innanfor dei ulike fagområda. Dette saman med fokus på betre kvalitet i etterforskinga og meir etterforsking på staden i samband med ulike hendingar, vil gje grunnlag for ein auke i kvaliteten av etterforskinga.

**Sivil rettspleie**
Sivil rettspleie skal handterast mest mogleg effektivt med høg fagleg kompetanse. Ei lovendring som er foreslått gjer at ein må vente før ein kan beskrive korleis desse tenestene i framtida vil bli levert.

Med vennleg helsing

**Ingar Bøen**
*Politimeister*

**Olav Sindre Rise**
*Kommunikasjonsrågjevar*

Til kommunane i Møre og Romsdal

Vedlagt fylgjer brev frå Politimeisteren i Møre og Romsdal om politiets tenestetilbod i kommunane.

Med vennleg helsing


Olav Sindre Rise
*Kommunikasjonsrådgjevar*

**Møre og Romsdal politidistrikt**
Politihuset i Ålesund

Telefon: 901 97 723 / 70 11 88 45
E-post: Olav.Sindre.Rise@politiet.no
www.politi.no

POLITIET
POLITIDIREKTORATET

**Berørte kommuner i Møre og Romsdal politidistrikt (iht liste)**

**NATIONAL POLICE DIRECTORATE**

| Deres referanse: | Vår referanse: | Sted, Dato |
|---|---|---|
| | 2016/04892 | Oslo, 22.02.2017 |

## KLAGE FRA NESSET KOMMUNE OVER AVGJØRELSE FRA POLITIDIREKTORATET OM LOKAL STRUKTUR I INDRE NORDMØRE

Det vises til vedlagte brev fra Nesset kommune datert 20.2.2017 med klage i henhold til forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten (FOR-2016-06-22-815).

Nesset kommune klager på Politidirektoratets avgjørelse av 13.1.2017 om lokal struktur i Indre Nordmøre:

> "Sammenslåing av lensmannsdistriktene Sunndal, Nesset, og Tingvoll, til Indre Nordmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Sunndal lensmannskontor og Tingvoll lensmannskontor."

I forbindelse med Politidirektoratets behandling av klagen forelegges Nesset kommunes klage for berørte kommuner, jfr. forskriftens § 5, annet ledd. Politidirektoratet anser kommuner i samme politidistrikt som klager som berørte kommuner.

Klagen fra Nesset kommune forelegges herved for de øvrige kommunene i Møre og Romsdal politidistrikt. Eventuelle uttalelser om klagen fra Nesset kommune bes sendt til Politidirektoratet innen **6.3.2017.**

Den korte fristen for uttalelse begrunnes med hensynet til den videre saksbehandlingen, og de frister som er satt i forskriften. Dersom Politidirektoratet opprettholder sin avgjørelse skal klagen sendes videre til Justis- og beredskapsdepartementet innen tre uker etter mottak av klagen.

Med hilsen

Hans Bakke
seksjonssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent uten signatur.*

**Politidirektoratet**

Post: Postboks 8051 Dep., 0031 Oslo
Besøk: Fridtjof Nansens vei 14/16
Tlf: 23 36 41 00
Faks: 23 36 42 96
E-post: politidirektoratet@politiet.no
Org. nr.: 982 531 950
Giro: 7694.05.02388
www.politi.no

Kopi:
- Møre og Romsdal politidistrikt
- Nesset kommune

Vedlegg:

- Brev fra Nesset kommune med klage på Politidirektoratets avgjørelse – 20.2.2017

Kommunene i Møre og Romsdal politidistrikt:
Aure
Smøla
Surnadal
Rindal
Halsa
Sunndal
Nesset
Tingvoll
Kristiansund
Averøy
Gjemnes
Eide
Fræna
Molde
Aukra
Midsund
Sandøy
Haram
Ørskog
Skodje
Stordal
Norddal
Stranda
Sykkylven
Volda
Ørsta
Vestnes
Rauma
Ålesund
Giske
Sula
Ulstein
Hareid
Vanylven
Herøy
Sande
Agdenes
Hitra
Hemne
Snillfjord
Skaun

Nesset kommune
Servicekontoret

POLITIDIREKTORATET
Postboks 8051 Dep
0031 OSLO

# Melding om vedtak

| Deres ref.: | Vår ref.: | Saksbehandler: | Dato: |
|---|---|---|---|
| | 2016/701-19 | Vivian Høsteng, 71 23 11 06 | 20.02.2017 |

## Klage på beslutning -endringer i inndeling av lensmanns- og politidistrikter - Nesset lensmannskontor besluttet sammenslått med Sunndal og Tingvoll

Det vises til brev av 13.01.2017 om endringer i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt.

Nesset kommunestyre har i møte 16.02.2017 gjort følgende vedtak:

> *Politidirektoratet sin beslutning om sammenslåing av lensmannsdistriktene Sunndal, Nesset og Tingvoll påklages. Nesset kommune ønsker at Nesset lensmannskontor opprettholdes som tjenestested og blir en del av Molde politistasjonsdistrikt.*
>
> *Som begrunnelse for klagen vises det til vedtak i Nesset formannskap 24.11.2016 RS 26/16.*

Kopi av vedtak og saksutredning følger vedlagt.

Med hilsen

Vivian Høsteng
førstekonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

**Nesset kommune**

Kråkholmvegen 2
6460 Eidsvåg

Org.nr.: 864 981 062
Kontonr.: 4106 05 00590

postmottak@nesset.kommune.no
www.nesset.kommune.no

Telefon: 71 23 11 00
Telefaks: 71 23 11 01

Jeg velger meg NESSET

Nesset kommune

Arkiv: X31
Arkivsaksnr: 2016/701-16
Saksbehandler: Anne Grete Klokset

**Saksframlegg**

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nesset kommunestyre | 8/17 | 16.02.2017 |

# Endringer i inndeling av lensmanns- og politidistrikter - Nesset lensmannskontor besluttet sammenslått med Sunndal og Tingvoll

Vedlegg
1 Endringer i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt
2 Uttale fra Romsdal Regionråd om tilrådning til struktur i Møre og Romsdal politidistrikt

**Rådmannens innstilling**

Politidirektoratet sin beslutning om sammenslåing av lensmannsdistriktene Sunndal, Nesset og Tingvoll påklages. Nesset kommune ønsker at Nesset lensmannskontor opprettholdes som tjenestested og blir en del av Molde politistasjonsdistrikt.

Som begrunnelse for klagen vises det til vedtak i Nesset formannskap 24.11.2016 RS 26/16.

**Behandling i Nesset kommunestyre - 16.02.2017**

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

**Vedtak i Nesset kommunestyre – 16.02.2017**

Politidirektoratet sin beslutning om sammenslåing av lensmannsdistriktene Sunndal, Nesset og Tingvoll påklages. Nesset kommune ønsker at Nesset lensmannskontor opprettholdes som tjenestested og blir en del av Molde politistasjonsdistrikt.

Som begrunnelse for klagen vises det til vedtak i Nesset formannskap 24.11.2016 RS 26/16.

**Saksopplysninger**

Viser til vedlagt brev datert 13.01.2017 fra Politidirektoratet. I brevet går det fram at Politidirektoratet har vedtatt mellom annet sammenslåing av lensmannsdistriktene Sunndal, Nesset og Tingvoll, til Indre Nordmøre lensmannsdistrikt.

Politidirektoratets avgjørelse kan påklages til Justis- og beredskapsdepartementet. Klagefrist er 8 uker fra det tidspunkt kommunen mottok underretning om avgjørelsen. Frist for å klage er satt til 10. mars 2017.

Romsdal Regionråd (ROR) har ved brev av 20.01.2017 gitt sin uttale om tilrådning om geografiske driftsenheter i Møre og Romsdal politidistrikt. ROR peker på i sin uttale at Politimesteren i Møre og Romsdal ønsker 4 geografiske driftsenheter og støtter sterkt dette synet. Uttalelsen er begrunnet med at en slik inndeling vil bety at medlemskommunene blir organisert inn i samme geografiske driftsenhet.

Nesset formannskap vedtok i møte 24.11.2016 følgende uttale om effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder i Møre og Romsdal:

***Nesset kommune – uttale om effektivisering av tjenesteenheter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt***

*Det vises til høringsbrev og politimesterens orientering om nærpolitireformen i kommunestyret den 22. september. Kommunene er bedt om å komme med en uttale om reformen innen 2. desember 2016. Nesset formannskap vil som følge av at kommunestyrets møtekalender passer dårlig med høringsfristen gi følgende uttale til nærpolitireformen: Nesset formannskap er enig i målene med reformen som går på at vi skal ha et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig. Videre er det i de politiske målene for reformen sagt at «det skal utvikles et kompetent og lokalt nærpoliti der befolkningen bor.»*

***Nesset formannskap går imot at det lokale lensmannskontoret blir lagt ned, og er kritiske til sentraliseringen det er lagt opp til i politidistriktet. Nesset formannskap ønsker et lensmannskontor betjent på dagtid****. Mindre synlig politi og tilstedeværelse ved nedlegging av lensmannskontoret vil føre til dårligere service og trygghet for våre innbyggere i Nesset.*

*Et stort geografisk område med lange avstander gir erfaringsmessig responstider på flere timer, og det oppleves at mangel på lokalkunnskap kan være avgjørende ved ulykker og andre hendelser. En styring av politipatruljene fra Molde politidistrikt eller Sunndal lensmannskontor slik det også fungerer i dag, vil ikke endre vesentlig på dette forholdet. Det er først og fremst responstid som vil være folks oppfatning av trygghet. Målene med reformen er blant annet å frigjøre mer tid og ressurser for at politiet skal kunne være mer tilgjengelig og tilstede i lokalmiljøene. esset kommune har derfor klare forventninger om mer synlig politi både på kveldstid, i helgene og ved større arrangementer i kommunen.*

*Molde, Midsund og Nesset kommuner har fra 1. januar 2020 vedtatt å gå sammen i en ny kommune. Forslaget til ny struktur tar ikke hensyn til dette. En kommune med 2 politiråd og 2 politi- og lensmannskontor virker lite hensiktsmessig.* ***Vi har gitt tilbakemeldinger på dette ved tidligere anledninger, og ber dere endre på dette slik at vi blir en del av Molde politistasjonsdistrikt****.*

*I tillegg til tilbakemeldinger på forslaget til ny struktur bes det om innspill på andre forhold. Nesset formannskap vil kommentere følgende:*

- *Det er naturlig at samhandlingen mellom kommune og politi videreføres gjennom de lokale politirådene. Her har begge partene en gjensidig mulighet til å orientere og påvirke hverandre om lokale forhold og samhandle i det forebyggende kriminalitetsarbeidet.*

- *Politikontaktens funksjoner er enda ikke avklart. Det som synes klart er at de lensmannskontorene som blir lagt ned får en politikontakt. Skulle vårt lensmannskontor bli lagt ned er det for oss åpenbart at politikontaktens oppgaver må ivareta det som i dag er lensmannens «sivile» oppgaver. Politikontakten må være politi og ha faste kontordager i kommunen.*

  *Aller helst hadde vi sett at det var boplikt på vedkommende. Dette ut i fra at politikontakten må kjenne kommunen godt og kunne delta aktivt i det forebyggende arbeidet. Politimesteren bør derfor vurdere ulike incentivordninger for at politifolk skal kunne bosette seg ute i de kommunene som mister lensmannskontoret sitt.*

  *Prinsippet med politikontakter må være at kommunens innbyggere får hjelp av politikontakten uten å måtte reise til Sunndal lensmannskontor eller Molde politistasjon.*

  *Det er naturlig at politikontakten må være politiets representant i politirådet og arbeide aktivt ut mot kommunale enheter, næringsliv og lag og foreninger.*

- *I forslaget er det lagt opp til at Møre og Romsdal politidistrikt skal deles i to geografiske driftsenheter. Vi ber om at det deles opp i fire geografiske driftsenheter, Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre, som i stor grad samsvarer med dagens regioninndeling av fylket. Dette vil kunne gi en fleksibel bruk av ressursene, samtidig som man beholder styringen av politidistriktet, en del av spisskompetansen og stabsfunksjonene ved politimesterens kontor i Ålesund. En organisering i fire driftsenheter vil etter vår mening kunne gi et bedre politifaglig tilbud til distriktene og de mindre kommunene. Dette i henhold til reformens mål og intensjoner om nærpoliti.*

  *En organisering i fire driftsenheter vil også kunne gjøre det mulig for en bedre balanse i befolkningsgrunnlaget for de 4 driftsenhetene ved at Indre Romsdal lensmannsdistrikt legges til driftsenheten Romsdal.*

Politidirektoratets avgjørelse om å slå sammen lensmannsdistriktene Sunndal, Nesset og Tingvoll ble lagt fram som en referatsak i formannskapet sitt møte 02.02.2016. Formannskapet ble enig om at sak vedrørende klage på Politidirektoratets beslutning tas opp til behandling i kommunestyret sitt møte 16.02.2017.

## Vurdering

Ut fra ovenstående og tidligere uttalelser i saken innstiller rådmannen på at Politidirektoratet sin beslutning om å legge ned Nesset lensmannskontor påklages. Rådmannen mener at det er viktig for vårt lokalsamfunn at lensmannskontoret blir opprettholdt. Videre bør kommunen fastholde at vi ønsker å være en del av Molde politidistrikt. Dette begrunnes med endringer i kommunestruktur som følge av kommunereform og vedtak om å bygge en ny kommune sammen med Molde og Midsund fra 1.1.2020. Rådmannen tilrår at innholdet tidligere uttalelse (RS 26/16) benyttes som begrunnelse for klagen.

Til kommunene i Møre og Romsdal politidistrikt

Vedlagt følger brev fra Politidirektoratet angående klage fra Nesset kommune på Politidirektoratets beslutning av 13.1.2017. Klagen sendes til berørte kommuner i Møre og Romsdal politidistrikt for uttalelse, i tråd med forskrift om klageordning for berørte kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur § 5.

Kopi: Nesset kommune.

Med hilsen

Frank A. Sandsund
*politiinspektør*

**Politidirektoratet**
Seksjon for plan og utvikling

Telefon: 23 36 46 26/ 48 88 78 95
E-post: frank.sandsund@politiet.no
www.politiet.no

## PS 43/17 Referatsaker

## RS 4/17 Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta - Svar på søknad om fråvik for flyplasskrysset